

Referat frå Generalforsamling i Norsk slavistforbund, Solstrand, 10. august 2013

Frammøte: 21

1. *Val av møteiar og skrivar:*

Møteiar: Atle Grønn

Skrivar: Kåre Johan Mjør

2. *Dagsorden:*

Dagsorden samrøystes godkjent.

3. *Aktivitet i perioden 2010–2013:*

Ingunn Lunde orienterte.

Norsk slavistforbund har 31 betalende medlemmer

Styret i perioden har vore: Ingunn Lunde (formann), Margje Post (kasserar), Tore Nettet (styremedlem), Jan Ivar Bjørnflaten (styremedlem) og Tamara Lönngren (styremedlem).

Aktiviteten har i perioden først og fremst vore konsentrert om arrangementet av det 19. nordiske slavistmøte i Bergen 2013.

4. *Rekneskap:*

Margje Post la fram rekneskapen for perioden 2010–2013. Norsk slavistforbund har pr. 15.07.2013 ein ubunden eigenkapital på om lag 37 000 NOK.

Rekneskapen blei samrøystes godkjent.

Martin Paulsen etterlyste tydlegare framstilling av inntekter og utgifter i rekneskapen.

Kontingent for kommande periode blei sett til 400 NOK for samtlege medlemmer, pensjonistar medrekna.

5. *Orientering frå dei ulike lærestadene:*

a. Brita Lotsberg Bryn orienterte om avgangar, nye tilsetjingar og stillingar, samt studenttal, forskingsprosjekt og disputastar på russiskfaget ved Universitetet i Bergen.

b. Atle Grønn orienterte om stoda ved dei slaviske faga (russisk, polsk, tsjekkisk, bosnisk/serbisk/kroatisk samt områdestudium i russisk og Sentral-Europa/Balkan) ved Universitetet i Oslo, med særleg vekt på tilsetjingar/avgangar, nye stillingar, studenttalutvikling og forskingsprosjekt. «Slaviske språkbaserte områdestudium» skal frametter vera eit satsingsområde ved Institutt for litteratur områdestudium og europeiske språk.

c. Yngvar Steinholt, Tore Nettet og Laura Janda orienterte om bemanning, disputasar, forskingsprosjekt og fagevaluering ved Universitetet i Tromsø.

6. *Poljarnyj vestnik:*

Tore Nettet orienterte om planar for å gjera om tidsskriftet til eit nasjonalt, fagfelleverdert open access-tidsskrift for slavistikk. Eigar blir Universitetet i Tromsø ved Universitetsbiblioteket, og det vil bli utgitt i regi av Norsk slavistforbund, som utpeikar redaktør. Redaktørane utpeikar redaksjonsråd. *Poljarnyj vestnik* skal vera eit nivå 1-tidsskrift med publikasjonar på internasjonale språk, som blir ope for bidrag frå heile verda.

Vedtak: Generalforsamlinga gjev samrøystes tilslutning til planane og vel Tore Nettet og Ingunn Lunde som redaktørar.

7. *Val av styremedlemmer, varafolk og revisor:*

Valkomiteen har vore: Tore Nettet, Tamara Lönngren og Jan Ivar Bjørnflaten.

Tore Nettet la fram følgjande framlegg til nytt styre:

- Formann: Tore Nettet (UiT)

- Styremedlemmer: Margje Post (UiB, kasserar), Ingunn Lunde (UiB), Jan Ivar Bjørnflaten (UiO), Tamara Lönngren (UiT/DNUSP)

- Suppleantar: Laura Janda (UiT), Karen Gammelgaard (UiO), Brita Lotsberg Bryn (UiB)

- Valkomit : Martin Paulsen (leiar), Atle Gr nn, Yngvar Steinholt

- Norsk representant i Den internasjonale slavistkomit : Jan Ivar Bjørnflaten; suppleant: Lillian Helle (UiB)

- Revisor: Marit Bjerkeng.

Valkomiteens framlegg blei samrøystes vedteke.

8. Eventuelt: Ingen saker.

Solstrand, 10. august 2013

K re Johan Mj r (skrivar)